

FAKTA

Bustadfelt på Holstad:

- ■ ■ Hareid kommunestyre har gjort vedtak om at 8 gardar med god dyrkamark på Holstad skal takast til bustadfelt.
- ■ ■ I tillegg har kommunestyret vedteke at det skal tingast mekling med fylkesmannen, slik at også den niande garden blir omfatta av reguleringsplanen. Dette fordi fylkesmannen har vars- la motsegn på å innlemme gnr. 46, bnr. 2 i planen.
- ■ ■ Vedtaket vart gjort med 21 mot 6 røyster.
- ■ ■ Framstegspartiet stemte for, men gjorde det klart at dei ikkje vil vere med på oreigning.
- ■ ■ Signala går ut på at berre tre av grunneigarane vil selje.

Matjordnedbygging skadar klimaet

Granskingar syner at nedbygging av matjord kan vere langt meir skadeleg for klimaet og bidreg i stor grad til global oppvarming.

ANNE GRY EILERTSEN
anne.gry@vikebladet.no

Dette kom fram på eit land-

bruksseminar i Sola på Jæren for eit par veker sidan.

Ei stortingsmelding om landbruk og klima er snart ferdig, og under seminaret letta landbruksdepartementet litt på sløret om innhaldet i meldinga. Ifølgje avisa Nationen var signala av ein slik karakter at jordverninteressene kan håpe på ein ny vår i kampen mot nedbygging av matjord. Granskingar viser at tiltak kan bidra meir positivt i klimarekneskapan enn det å ta

vare på den dyrka jorda.

– Knappt nokon stad blir det lagra meir karbon enn i jorda. For kvart mål med matjord som blir tatt ut av produksjon, blir jordas evne til å lagre klimagassar redusert. Også framtidig evne til å lagre stadig meir CO2 blir mist, opplyser avdelingsdirektør i Landbruks- og matdepartementet, Ivar Ekanger, som leiår arbeidet med regjeringa si stortingsmelding om klima og landbruk.

no: styret

eigentleg ikkje var så ulike.

– Eg ville også gjerne avvente endeleg vedtak til saka har vore oppe i kommunestyret, seier Sæter.

Han viser til at det er kommunestyret som har ansvaret for den ruspolitiske handlingsplanen for kommunen.

– Når vi arbeider med denne planen synest eg det er viktig at vi får til grep for korleis vi kan minske dei problema som fri flyt av alkohol medfører, understrekar Sæter.

– *Kva synest du om at det kanskje vert ølsal i butikane i Ulstein?*

– Eg kan ikkje leggje skjul på at eg er imot det. All forskning viser at auka tilgjenge gjev auka misbruk, seier Sæter.

Han meiner at kommunen treng ein gjennomgang på kva ein kan gjere lokalt for å minske rusproblema. Sæter håper at dette vert eit tema på kommunestyremøtet 16. april.

Bryggjeria fryktar ølkrise

(NPK-NTB): Ølsalet er i fritt fall på grunn av finanskrisen, innskrenka skjenketider og nye drikkevanar. No fryktar bryggjeria at arbeidsplassar vil gå tapt.

Berre i januar og februar selde dei norske bryggjeria over tre millionar liter øl mindre enn i dei to første månadene i fjor. Nedgangen held framleis fram i mars, og no byrjar fleire arbeidsplassar å bli svært utrygge, skriv Dagsavisen.

Ringnes, som er landets største bryggeri med 1.600 tilsette, har definert rundt 50 medarbeidarar som overtalige.

– Eg vonar vi kan unngå oppseiningar i enno nokre månader, seier Arne Rolijordet, som er tilitsvalt ved produksjonsanlegget på Gjelleråsen i Akershus.

Ved Hansa Borg bryggeria ser bort ein heller ikkje vekk ifrå endringar for dei tilsette om den negative utviklinga held fram.

Ølsalet fall med 10,2 prosent i januar og 7,6 prosent i februar, begge samanlikna med same månader i fjor.

Formannskapet vil ha fjernvarme

Alle politikarane i formannskapet stiller seg positive til utbygging av fjernvarme i Ulsteinvik.

INGVILD MYKLEBUST
ingvild.myklebust@vikebladet.no

Dagleg leiår i Fjordvarme AS, Magne Hjellev, var til stades for å svare på spørsmål frå formannskapet. Politiker Harald Ulstein (H) lurte på om det vert store kostnader for eigarane av bygga.

– For mange av bygga som er på lista i Ulsteinvik, så er det ein stor andel som må gjere ein god del arbeid i egne bygg, svarte Magne Hjellev.

Han understreka at kostnadene vert størst for dei bygga som ikkje er tilrettelagde for vassboren varme.

Formannskapet stilte også spørsmål om investeringane i forhold til gevinsten.

– For eit lite bygg med lite forbruk vert det ei høgare investering. Det vil vere meir lønsamt for store bygg, svarte Hjellev.

Han fortalde også meir om dei to ulike modellane.

– Alternativ 1 vert billigare i drift fordi ein hentar meir gratis energi frå sjøen, og ein har lite varmetap, forklarte Hjellev.

Han presiserte samstundes at innanfor begge alternativa finst det fleire valmoglegheit. Før utbygginga av eit anlegg kan starte, må det gjennomførast fleire målingar av sjøtemperaturer.

Tilknytingsplikt

Representanten frå Fjordvarme fekk også spørsmål om tilknytingsplikt.

– Ein kan ikkje krevje tilknytingsplikt på eksisterande bygg. Det kan berre gå på nybygg, forklarte Hjellev.

Han ville ikkje ta stilling til for eller mot, men Hjellev meinte at tilknytingsplikt kan vere eit verkemiddel for å styre nybygg framover.

– Eg meiner det viktigaste er at ein får ei positiv haldning til fjernvarme. Eg trur det er viktig at brukarane er med på eigarsida, og at dei vert mest mogleg



Dagleg leiår i Fjordvarme AS, Magne Hjellev (til venstre), og assisterande rådmann i Ulstein, Verner Larsen. Eid kommune har satsa tungt på fjordvarme som energikjelde, og har gjennom mange år jobba med å utvikle ny teknologi og nye løysingar for å utnytte energien i fjorden. Gjennom Fjordvarme AS vert no dette konseptet gjort tilgjengeleg for andre tettstader og byar.



Ulstein formannskap vedtok samrøystes å satse vidare på fjernvarme-prosjektet.

involverte, understreka Hjellev.

– Bør ha sikre avtalar

Politikar Ann – Heidi Dimmen (Sp) spurde om Ulstein kommune er avhengig av eit visst antal interessentar før ein køyrer i gang eit slikt prosjekt.

– Alle prosjekt som treng finansiering, må ha ganske bra sikkerheit på brukarsida. Det er ikkje nok med gode ønsker for å seie det slikt. Difor anbefalar eg at ein har sikre avtalar på plass, sa Hjellev.

Assisterande rådmann Verner Larsen seier at kommunen ideelt sett bør få på plass slike avtalar snarast mogleg.

– Målet må vere å få avtalar på plass, slik at vi kan få gjort neste steg på kommunestyremøtet i juni, sa Larsen.

Han presiserte at det er viktig å vere på plass nær Sjøgata og Sjøsidea skal byggjast ut.

Positivt formannskap

Det vart sagt mykje positivt om fjernvarme då saka var oppe i

formannskapet tysdag denne veka. Knut Erik Engh (Frp) var glad for at saka har kome så langt som den har gjort.

– Alle dei sentrale aktørane har vore med. Eg meiner at prosjektet ber preg av samarbeid, sa Engh.

Ivar Mork (Ap) håper at ein no ser kimen til eit reelt samarbeid mellom kommunen, konsesjonshavar og brukarar.

– Samstundes synest eg kommunen bør ha ei nøkkelrolle. Eg meiner at energiforsyning framleis er ei oppgåve som offentleg sektor skal vere deltakar i, sa Mork.

Han meinte at kommunen kan fungere som ein koordinator, og som ein dørpørnar til ekstra gunstige finansieringsmåtar. Mork meinte også at ein bør sjå på moglegheitene for å få med endå fleire aktørar. Til dømes hotellet og folkehøgskulen.

Vellukka ekskursjon

For ei tid tilbake vart det arrangert ein ekskursjon til Nordfjordeid, for å sjå på fjernvarmeløysinga der.

– Eg vart fascinert over måten det var organisert på. Ikkje minst viste investeringane seg å vere lønsame etter ganske kort tid, sa varaordførar Olav Sæter (KrF).

Han meinte også at prosjektet må vere eit samspel mellom kapitalkrefter og offentlege interesser.

– Eg trur det kan vere teneleg

FAKTA

Vedtak i formannskapet

■ ■ ■ Eit samrøystes formannskap gjekk for at Ulstein kommune stiller seg positiv til ei utbygging av fjernvarme i Ulsteinvik

■ ■ ■ For ein set i gong utbygging skal ein gjere vurderingar om utbygginga også skal omfatte rørnett for naturgass

■ ■ ■ Ulstein kommune skal snarast ta eit initiativ overfor NT Energi AS og eksterne samarbeidspartnarar for å få fram ein avtale om samarbeid og finansiering av infrastruktur og drift

■ ■ ■ Det vert løyvd 55 000 kroner frå dispensasjonsfondet til månadlege målingar av sjøtemperaturen i eit år

Utdrag frå vedtak i formannskapet